



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 25.11.2013

Møtetid: Kl. 15:00 – 17:30

Møtested: Kommunehuset, 3 etg.

Saksnr.: 053/13 - 057/13

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Terje Ødegård.

FRP: Marit Swensen, Svein Hansen. H: Eva Janne T. Årvik

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Stine Aase Myhre

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Judith Kvåle

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Monika Sjøstad, kommunalsjef Helse og omsorg Åse Elin Hole,
kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde. Rådmann Reidar Sandviknes førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande.

Orientering om reinhaldsmodellen i Selje
v/leiar Egedom Merete Nerland og reinhaldar Eli Refvik.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
053/13	Godkjenning av møtebok
054/13	Delegasjonssaker
055/13	Referatsaker
056/13	SMIL 2013 - 2.søkerunde - handsaming av søknadar
057/13	Budsjett 2014 - Økonomiplan 2014 - 2017

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.11.2013	053/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/620
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 24.10.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.11.2013	Møtebok DU 24.10.13.pdf	50521

Handsaming i Driftsutvalet - 25.11.2013

7 voterande

KU-053/13 VEDTAK

Møteboka frå møte 24.10.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.11.2013	054/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/618
--------------------------------------	---------------	----------------------

Delegasjonssaker

DKU. 049/13: B-sak Søknad om endra skulestad

DKU. 074/13: Gbnr.24/7-23/6 - Byggsak - Sykkelveg - Selje kommune

DKU. 081/13: Gbnr. 81/29 - Byggsak - Fritidshus - Søknad om tiltak - Doris Anne Eide

DKU. 096/13: Gjeld motteken tilvising til logoped

DKU. 135/13: Søknad om logopeditenester

DKU. 140/13: Gbnr. 58/38 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - John Terje Hamre

DKU. 141/13: Gbnr. 58/38 - Byggsak - Garasje - John Terje Hamre

DKU. 142/13: Gbnr. 14/2 - Delingssak - Tilleggsareal - Stad Gard Sandvik AS

DKU. 146/13: Gbnr. 91/1 - Byggsak - Tilbygg - Gangeskar AS

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 25.11.2013

7 voterande

Sak DKU 142/13.

Eva Janne T. Årvik gjekk frå som inhabil etter Forv.lova §6.1 ved gjennomgang av saka.

6 voterande

Teke til vitande. Samrøystes

KU-054/13 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.11.2013	055/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/619
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/5013	I	28.10.2013	NVE - Noregs vassdrags- og energidirektorat	Tilsegn om auka tilskot - Gjennomføring sikring av elv - Myreelva

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 25.11.2013

7 voterande

KU-055/13 VEDTAK

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.11.2013	056/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gry Otneim Leikanger	FA-V18	13/15

SMIL 2013 - 2.søkerunde - handsaming av søknadar

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
81	I	14.10.2013	Carole Peter	SMIL 2013 - vedlegg til søknad - Vestkapp Camping
79	S	01.11.2013		SMIL 2013 - 2.søkerunde - handsaming av søknadar
85	I	13.11.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	SMIL 2013 - Utbetalingskort - Arvid Monrad Stokkenes
84	I	13.11.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	SMIL 2013 - Utbetalingskort - Kariann Myklebust Fagerli
83	I	14.11.2013	Selje kommune	SMIL 2013 - tabell - tildeling - 2.søkerunde
82	I	14.11.2013	Selje kommune	Definisjonar og krav til ulike typar prosjekt
86	I	18.11.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	SMIL 2013 - Utbetalingskort - Jan Petter Hoddevik

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.11.2013	Scan.PDF	50531
15.11.2013	Scan.PDF	50529

Saka gjeld

Tildeling av SMIL-midlar etter søknadsfristen som var sett til 14.10.2013.

Opplysningar til saka

Selje kommune har hatt ein gjennomgang av SMIL-tiltak med utgått arbeidsfrist og har i samband med denne gjennomgangen, dratt inn ein del midlar som skal omfordelast gjennom ekstra søkerunde.

Det er kome inn 26 søknadar til handsaming og ramma for tildeling er kroner 367.030,-. Alle søknadane vert handsama i ei sak ved hjelp av ein tabell og det vert sett generelle og spesielle vilkår til kvar søknad i denne saka. Tabellen med definisjonar og krav vert ein del av vedtaket.

I handsaminga av søknadane, ser ein føre seg først ei generell handsaming utifrå tabellen og vilkåra. Dersom det oppstår ugildskap for medlemmer driftsutvalet ved handsaming av enkeltsøknadar, må dei søknadane handsamast særskilt.

Dersom det vert endringar i løyvingane i høve framlegget, er det aktuelt å justere tabellen til slutt.

Lover/regelverk

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket av 4.februar 2004.

Statens Landbruksforvaltning, Rundskriv 07/2005.

Selje kommune, KU 112/08 og KS 071/08.

Årlege retningslinjer utarbeida av kulturlandskapsgruppa.

Forvaltningslova av 10-02-1967.

Naturmangfoldloven, LOV-2009-06-19-100

§ 1. (lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

Naturmangfoldloven §§ 8-12 omfattar prinsipp for offentlig myndigheitsutøving ved enkeltvedtak og fastsetting av føreskrifter som også m.a inkluderar tildeling av tilskot (jf. veileder til Naturmangfoldloven). Handsaming av SMIL-ordninga vil i hovudsak bli handsama etter desse kapitla.

Finansiering

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Sakshandsamar si vurdering

Viser til beskrivelse og vurdering av søknadane i vedlagt tabell. Sakshandsamar ynskjer å kommentere nokre av søknadane spesielt;

Søknad nr. 1, 8, 20, 21, 22, 23: Det er kome inn søknad frå dei fleste skulane og barnehagane i kommunen og alle hadde gode prosjekt jf. Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket. Ein har i denne søkerunden valt å tildele alle skulane og barnehagane som har søkt, kroner 10.000,-

Søknad nr. 9 og 25: Desse to søknadane skal stettast gjennom anna ordning.

Sogn og Fjordane har fått 2,3 millionar kroner til dreneringstiltak i 2013. Fylkesmannen fordelar midlane til kommunane ut i frå behov og søknadspågang. Føremålet med tilskotsordninga er å auke kvaliteten på tidlegare drenert jordbruksjord. Tiltak der dreneringa både kan auke jordbruksproduksjonen og redusere faren for vassureining vert prioritert. Søknad om tilskot skal sendast til kommunen der dreneringsarealet ligg.

Søknadsskjema fastsett av Statens landbruksforvaltning skal brukast, og grøfteplan med kart og miljøplan trinn 2 eller tilsvarende miljøinformasjon skal leggjast ved (jf.fylkesmannen.no)

Søknad nr. 18: Søknaden vert delt i to. 50 % av løyving vert tildelt i denne søkerunden, medan dei resterande 50 % vert tildelt i søkerunden våren 2014.

Søknad nr. 21, 22, 23 og 26: På grunn av stor søkemengde, vert søknadane overført til søkerunden våren 2014.

Søknad nr. 31: Fell utanfor SMIL-ordninga.

Forholdet til anna lovverk

Løyving av tilskot fører ikkje til at tiltaket er godkjent utifrå anna lovverk enn SMIL-føreskrifta. Før arbeidet vert starta opp, er det viktig at den som har ansvaret for prosjektet, gjer seg kjend med aktuelle lover og føreskrifter for området. Det kan til dømes vere gjerdelova, beitelova, plan- og bygningslova, kulturminnelova og naturvernlova, naturmangfaldlova og vassressurslova.

Utbetaling

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane betalar ut tilskotet etter at utbetalinga er godkjend av Selje kommune. Det må ligge føre ei skrifteleg melding frå søkjar, og vilkåra for å ta imot tilskotet må vere fylgde opp.

Tilskotet kan betalast ut når tiltaket er gjennomført. For tilskot over 10.000 kroner, kan det gjerast delutbetaling etter kvart som tiltaket vert gjennomført. Minst 25 % av tilskotet vert halde attende til heile tiltaket er fullført, og det ligg føre ferdigattest og endeleg rekneskap godkjend av Selje kommune.

Kontroll

Selje kommune sal fylgje opp og føre kontroll med tiltaka som får tildelt tilskot. Den som har teke imot tilskot, må gje dei opplysningane det vert sett fram krav om, for at kommunen, Fylkesmannen, Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen skal kunne føre naudsynt kontroll med at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om tildeling av tilskot kan gjerast om og utbetalt tilskot kan krevjast betalt tilbake heilt eller delvis, dersom det vert oppdaga forhold som er i strid med det som var føresetnaden for løyvinga.

Arbeidsfristar

Eingongstiltak skal vere gjennomført innan fastsett arbeidsfrist jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket.

Saksgang

Driftsutvalet gjer vedtak.

Klage

Vedtak etter SMIL-forskriftene har klagerett etter Forvaltningslova av 10.februar 1967. Klagefristen er 3 veker frå melding om avgjerd er komen fram. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er klageinstans og klaga skal sendast til Selje kommune.

Tilråding frå administrasjonen

18 av totalt 26 søknadar vart stetta med tilsaman 367.030 kroner. 5 søknadar vert overført til søkerunden våren 2013. 2 søknadar vert stetta gjennom anna ordning, drenering og ein søknad fell utanfor SMIL-ordninga.

Handsaming i Driftsutvalet - 25.11.2013

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

KU-056/13 VEDTAK

18 av totalt 26 søknadar vart stetta med tilsaman 367.030 kroner. 5 søknadar vert overført til søkerunden våren 2013. 2 søknadar vert stetta gjennom anna ordning, drenering og ein søknad fell utanfor SMIL-ordninga.

Samrøystes.

Utskrift til:

Partar i saka



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.11.2013	108/13
Driftsutvalet	25.11.2013	057/13
Formannskapet	27.11.2013	114/13
Kommunestyret	16.12.2013	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Monika Sjøstad	FE-150	13/459

Budsjett 2014 - Økonomiplan 2014 - 2017

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	24.07.2013	Tenesteleiarane /budsjettansvarlege	Budsjettrundskriv nr. 1
3	I	05.11.2013	Økonomisjef Monika Sjøstad	Vedlegg i FS sak 104/13
6	I	21.11.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Handsaming av budsjett og økonomiplan hjå Fylkesmannen
5	I	21.11.2013	Økonomisjef	Oppdaterte tabellar - vedlegg til sak

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
30.10.2013	Budsjett 2014 - Økonomiplan 2014 - 2017	50073
14.11.2013	Selje kyrkj fellesråd drifts- og invbudsjett 2014.doc	50489
14.11.2013	Selje kyrkj fellesråd Driftsbudsjett 2014.xlsx	50490
14.11.2013	Selje kyrkj fellesråd Invbudsjett 2014.xls	50491
14.11.2013	Tabell 1 Økonomiplan 2014-2017.pdf	50514
14.11.2013	Tabell 2 Rådmannens forslag til kutt 2014.pdf	50515
15.11.2013	Budsjettkommentarar 2014.docx	50533
15.11.2013	Økonomiplan 2014-2017 Versjon 1 14.11.13.doc	50534
21.11.2013	Tabell 1 Økonomiplan 2014-2017 FS 108-13 2013-11-20.xlsx	50660
21.11.2013	Tabell 2 FS 108-13 2013-11-20.xlsx	50661

Saka gjeld

Budsjett 2014 og økonomiplan for 2014-2017. Saka blei handsama første gong i Formannskapet sak 104/13 og vedteken utsett til møte 20.11.2013. Vi har vald å opprette ny sak då det er endringar i tabellane.

Opplysningar til saka

Tabell 1 Økonomiplan 2014-2017

Tabellen viser oppsett på finansområdet og einingane sine konsekvensjusterte budsjettbehov for 2014.

Einingane har levert inn konsekvensjustert budsjett, som viser ei vidareføring av drifta frå 2013. Nye tiltak som fører til auka kostnader i høve 2013 vil vere forklart i budsjettheftet.

Merk at vi har lagt om budsjettering av meirverdiavgift (mva). Tidlegare har einingane utgiftsført mva på sine ansvar medan kompensasjonen (inntekt) har vore ført samla på finansområdet. Frå 2014 vert også kompensasjonen ført på einingane, slik at mva totalt går i 0 på einingane. Dette må ein ta omsyn til når ein samanliknar einingane sine rammer tidlegare år med budsjett 2014.

Det er nødvendig med ein reduksjon på kr 13 876 000 av konsekvensjustert budsjett for å oppnå balanse. Rådmannen tilrår eit samla kutt på kr 13 876 000.

Tabell 2 Rådmannens forslag til kutt 2014

Rådmannen har føreteke kutt basert på rapporten frå Agenda Kaupang. I tillegg er det forslag til ytterlegare kutt for å oppnå balanse. Kutta er mest på sektornivå.

Lover/regelverk

Kommunen sitt økonomireglement
Gjeldande regleverk

Sakshandsamar si vurdering

Kommentar til tabell 2:

Rådmannen sitt forslag til kutt er høgare enn forslag til innsparingane frå Agenda Kaupang. Dette fordi det er meir utfordringar i 2014 enn i 2013 som ikkje vert dekkja inn i rammeoverføringane. Vi viser til kommentarane på einingane i budsjettheftet for detaljar. Kommunen må i 2014 dekke inn størstedelen akkumulert underskot frå 2012 som totalt var kr 4 314 000.. Rådmannen vil tilrå at formannskapet fordeler rammer på sektornivå, jf tabell 1 Økonomiplan 2014-2017. Formannskapet ber driftsutvalet tilrå fordeling på einingsnivå. Formannskapet må deretter handsame tilrådinga frå driftsutvalet og tilrå budsjettet til kommunestyret.

Arbeidsgruppene som er oppretta i samband med kommunen sitt arbeid med økonomisk omstilling skal parallelt arbeide med tiltak etter oppsett plan. Målet med dette arbeidet er å komme med forslag til korleis Selje kommune kan oppnå innsparingar på kr 12 millionar, jf rapport frå Agenda Kaupang.

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Formannskapet tilrår rammer til driftsutvalet jf tabell 1 Økonomiplan 2014-2017.

Handsaming i Formannskapet - 20.11.2013

7 voterande

Framlegg frå Formannskapet:

Som framlegg frå administrasjonen, men med følgjande kutt som tillegg:

- 200.000 på IKT
- 200.000 på Plan og utvikling
- 231.000 på Helse og omsorg
- Disse midlane tilførast disposisjonsfondet som då vert på kr. 1,5 mill. kr.

Rammer til fordeling vert då slik:

Politikk, Rådmann / Stab / Tv / Servicekontor, Økonomiavd., IKT og Religiøse forhold:	18.274.000
Oppvekst:	46.036.000
Helse og omsorg	66.643.000
Plan og Utvikling	17.030.000

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-108/13 FRAMLEGG

Som framlegg frå administrasjonen, men med følgjande kutt som tillegg:

- 200.000 på IKT
- 200.000 på Plan og utvikling
- 231.000 på Helse og omsorg
- Disse midlane tilførast disposisjonsfondet som då vert på kr. 1,5 mill. kr.

Rammer til fordeling vert då slik:

Politikk, Rådmann / Stab / Tv / Servicekontor, Økonomiavd., IKT og Religiøse forhold:	18.274.000
Oppvekst:	46.036.000
Helse og omsorg	66.643.000
Plan og Utvikling	17.030.000

Handsaming i Driftsutvalet - 25.11.2013

7 voterande

Økonomisjef Monika Sjøstad orienterte om budsjettforslaget.

Tilråding frå Driftsutvalet:

Driftsutvalet tilrår at kommunestyret vedtek rammene på sektornivå slik det går fram i

F-sak 108/13, jfr. tabell 1, dat. 20.11.13

Driftsutvalet vil fordele rammene på einingsnivå når tiltak frå arbeidsgruppene er godkjende av styringsgruppe og kommunestyret.

Røysting:

Tilråding frå Driftsutvalet fekk 7 røyster for. Samrøystes

KU-057/13 FRAMLEGG

Driftsutvalet tilrår at kommunestyret vedtek rammene på sektornivå slik det går fram i

F-sak 108/13, jfr. tabell 1, dat. 20.11.13

Driftsutvalet vil fordele rammene på einingsnivå når tiltak frå arbeidsgruppene er godkjende av styringsgruppe og kommunestyret.

